



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak: 12/151

Løpenummer: 12/2908

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 25.04.2012

Tid: 16:00 - 20:15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i brev av 17.04.12.

Møtet vart kunngjort i ei avis, på heimesida og ved oppslag på kunngjeringsstadar i kommunen.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Ap

Asbjørn Heidal, Krf

Birgitte H.O.Skibenes, SV

Hans S. Vindenes, Sp

Mikal Leigland, Sp

Magne Djuvik, Frp

Steinar Skår, H

Kristine Hjartnes, Frp

Forfall og møtande varamedlemar:

Margunn Y. Samnøy (Sp) hadde forfall.

For henne møtte Haldor Tuft (Sp) som vararepresentant.

Mikal Leigland, Sp, fekk permisjon og gjekk kl 19.30 etter at sak 32/12 var handsama.

Det møtte ikkje vararepresentant.

Inhabilitet:

Atle Kvåle (Ap) var ugild i sak 30/12.

For han møtte Anne Grete Gjerdevik (Ap) som vararepresentant.

Kristine Hjartnes (Frp) var ugild i sak 32/12.

For henne møtte Roger Hoel (Frp) som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Kommunalsjef Øyvind Haga

Kontorsjef Gunn Sissel Teigen

Økonomisjef Georg Espenes i sak 25/12

Landbrukssjef Helene Dahl i sak 26/12, 27/12 og deler av sak 25/12

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til at ekstrasak nr 39/12 vart handsama.

Saklista vart samrøystes endra slik: Sakene vart handsama i denne rekkjefølgje sak nr 26/12 etter sak nr 24/12, så sak nr 27/1, nr 25/12, nr 30/12 og 32/12.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandssosen, 25.04.12

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
024/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ MØTA 22.02. OG 26.03.2012
025/12	KONSEKVENSVUDERING AV BUDSJETTVEDTAK
026/12	TILSKOT TIL VETERINÆRANE - JUSTERING AV AVTALE
027/12	SAMARBEIDSPROSJEKT OM LANDBRUKSTENESTER I FUSA OS OG SAMNANGER
028/12	KARTLEGGING, VURDERING VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE EIGEDOMAR 2011
029/12	UTBYGGING AV FV 125 HOLMEFJORD VED NORE FUSA SKULE
030/12	UTBYGGING AV BOSSNETT I BERGEN - BIR AS
031/12	SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL 23/32.
032/12	SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19
033/12	SKRIV OG MELDINGER
034/12	RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 - 2016 - HØYRING
035/12	PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012
036/12	FUSALAUGET 2012
037/12	FUSA KOMMUNE SOM MEDSKIPAR AV KYSTSOGEVEKENE
038/12	DELEGERTE SAKER
039/12	FRAMTIDIG ORGANISERING OG DRIFT AV LEGETENESTENE I FUSA – SUPPLERING AV ARBEIDSUTVAL

024/12: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ MØTA 22.02. OG 26.03.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 22.02 og 26.03.2012 vert godkjend

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-024/12 VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 22.02 og 26.03.2012 vert godkjend

025/12: KONSEKVENSVUDERING AV BUDSJETTVEDTAK

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tilsettingsstoppen vert oppheva frå 8.3.2012.

Innsparingane knytt til Eikelandsosen skule og Jettegryto barnehage vert fordelt på alle skulane med kr 100 000 og alle barnehagane med kr 100 000 etter same prinsipp som i ressursfordelingsmodellen for skule og for barnehage. Rådmannen får fullmakt til å fastsetja nye nettorammer for dei berørte einingane.

Kommunestyret får ein presentasjon før ferien av prosjekt kommunen jobbar med knytt til samhandlingsreforma. Det politiske systemet definerer nærare prosess og føremål med at konklusjonane i skulebruksplanen og velferdsplanen, gode kår i alle år, skal handsamast politisk våren 2012.

Økonomiplanen viser ein kraftig ubalanse frå og med år 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen. Rådmannen og Formannskapet har dialog om korleis ein skal få ein god økonomiplanprosess.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Følgjande felles framlegg vart fremja:

1. Eikelandsosen skule/Jettegryto som administrasjonen kr 200.000,-
2. Innsparing landbruk ved bruk av fond kr 230.000,-
3. Legetenesta vert tilført kr 150.000,- frå disp.fond/årsoverskot.
4. Byggjesak, oppmåling, brann som rådmann kr 250.000,-
5. Teknisk drift. Kutt i lønnsmidler/drift kr 250.000,-

Budsjettet vert saldert med kr 720.000,- frå overskot 2011/disposisjonsfond.

Vedtekne kutt i budsjett 2011 skal ha heilårsverknad frå 2013.

Framlegget frå rådmannen fekk 0 røyster.
Felles framlegg vart samrøystes tilrådd.

Asbjørn Heidal, Krf, fremja følgjande forslag:

I vedtak fatta i K-sak 2/12 heiter det: « Økonomiplanen viser ein kraftig underbalanse frå og med 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen».

Rådmannen får i oppdrag å leggja fram økonomiplan for 2013-2016 med utgangspunkt i budsjettet som er vedteke for 2012. Følgjande vedtekne budsjettpostar skal innarbeidast:

- Ferdigstilling av Eikhovdaheimen
- Dagsentertenesene
- Ordning for barnehage i Nore Fusa
- Reduksjon av stillinger knytta til teknisk drift
- Etablering av oppvekstsenter i Eikelandsosen
- Realisering av sal av kommunale bygningar
- Innarbeiding av vedlikehald på kommunale bygningar (jamnfør sak 28/12)
- Tilstrekkelig vedlikehald av kommunale vegar
- Ferdigstilling av gangbru/trafikksikring RV552/Opsalmarka
- Midlar til arealplan

Økonomiplanen skal synleggjere den reelle underdekning som ligg i vedtekne politiske i mål. Planen skal leggjast fram for kommunestyret i samband med at revidert rekneskap for 2011, seinast i kommunestyret i juni 2012.

På bakgrunn av vedteke rekneskap for 2011 og framlegg til økonomiplan for 2013-2016 skal kommunestyre oppnemne adhoc –utval på følgjande tema:

- Barnehage/skule
- Helse/samhandlingsreformen
- Vedlikehald av kommunal eigedom/vegar
- Kommunale tenestter/stillingar
- Realisering av fleirbrukshall/idrettsanlegg

Kommunestyret skal godkjenne mandat, oppnemne utvala (3-5 personar) med leiar og medlemmer. Saka skal fremjast i kommunestyret i juni 2012.

Adhoc-utvala arbeidar fram si innstilling som vert lagt fram for politisk drøfting for kommunestyret i møtet 3. oktober. Vedtekne mål og prioriteringar skal innarbeidast i budsjettet for 2013 og ein økonomiplan i balanse for 2013-2016.

Investeringsstoppen vert vidareført til 1. juli 2012.

Varaordfører Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

I kommunestyret 9. mai blir det oppretta ad-hoc utval som skal gå gjennom skulebruksplan og velferdsplan. Foreslår at utvala består av 3 politikarar med sekretær oppnemnd av administrasjonen.

Framlegget frå Asbjørn Heidal, Krf, fekk 3 røyster. (2 Frp, 1 Krf)

Framlegget frå Atle Kvåle vart tilrådd med 6 røyster.

FOR-025/12 VEDTAK:

1. Eikelandssosen skule/Jettegryto som administrasjonen kr 200.000,-
2. Innsparing landbruk ved bruk av fond kr 230.000,-
3. Legetenesta vert tilført kr 150.000,- frå disp.fond/årsoverskot.
4. Byggjesak, oppmåling, brann som rådmann kr 250.000,-
5. Teknisk drift. Kutt i lønnsmidler/drift kr 250.000,-

Budsjettet vert saldert med kr 720.000,- frå overskot 2011/disposisjonsfond.

Vedtekne kutt i budsjett 2011 skal ha heilårsverknad frå 2013.

I kommunestyret 9. mai blir det oppretta ad-hoc utval som skal gå gjennom skulebruksplan og velferdsplan. Foreslår at utvala består av 3 politikarar med sekretær oppnemnd av administrasjonen.

026/12: TILSKOT TIL VETERINÆRANE - JUSTERING AV AVTALE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner framlegg til ny avtale med veterinærane og sender avtalen til Kvinnherad og Samnanger til politisk godkjenning, samt til veterinærane.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om innhald i motteke brev frå Fusa bondelag av 23.04.12.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-026/12 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner framlegg til ny avtale med veterinærane og sender avtalen til Kvinnherad og Samnanger til politisk godkjenning, samt til veterinærane.

027/12: SAMARBEIDSPROSJEKT OM LANDBRUKSTENESTER I FUSA OS OG SAMNANGER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner rapport om samarbeid om landbrukstenester mellom Fusa, Os, Samnanger og Tysnes. Arbeidet med å inkludere Tysnes og få på plass formell avtale vert sett i gong.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-027/12 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner rapport om samarbeid om landbrukstenester mellom Fusa, Os, Samnanger og Tysnes. Arbeidet med å inkludere Tysnes og få på plass formell avtale vert sett i gong.

028/12: KARTLEGGING, VURDERING VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE EIGEDOMAR 2011

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vedlikeholdstiltak som er klassifisert i Prioritet 1 og Prioritet 2 bør gjennomførast i ein 5 års periode. Dette er tiltak knytt til offentlege krav, strakstiltak, og tiltak som kan ha omfattande økonomiske konsekvensar/store fylgjeskadar dersom dei ikkje vert gjennomført.

For at det skal kunna gjennomførast viktig vedlikehaldsarbeid av typen maling/oppussing må midlane dei neste åra i større grad verta løyvd over driftsbudsjettet.

Radonnivået i alle kommunale bygg bør vera innanfor tiltaksgrensa på 100 Bq/m³ og skal vera innanfor maksgrense på 200 Bq/m³.

Det skal iverksetjast dei tiltak som er nødvendig for å oppnå dette.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag:

Som framlegget frå rådmannen med følgjande endra 1. avsnitt:

Vedlikeholdstiltak som er klassifisert i Prioritet 1 og Prioritet 2 skal prioriterast først. Dette er tiltak knytt til offentlege krav, strakstiltak, og tiltak som kan ha omfattande økonomiske konsekvensar/store fylgjeskadar dersom dei ikkje vert gjennomført.

Framlegget frå Hans S. Vindenes vart samrøystes tilrådd.

FOR-028/12 VEDTAK:

Vedlikeholdstiltak som er klassifisert i Prioritet 1 og Prioritet 2 skal prioriterast først. Dette er tiltak knytt til offentlege krav, strakstiltak, og tiltak som kan ha omfattande økonomiske konsekvensar/store fylgjeskadar dersom dei ikkje vert gjennomført.

For at det skal kunna gjennomførast viktig vedlikehaldsarbeid av typen maling/oppussing må midlane dei neste åra i større grad verta løyvd over driftsbudsjettet.

Radonnivået i alle kommunale bygg bør vera innanfor tiltaksgrensa på 100 Bq/m³ og skal vera innanfor maksgrense på 200 Bq/m³.

Det skal iverksetjast dei tiltak som er nødvendig for å oppnå dette.

029/12: UTBYGGING AV FV 125 HOLMEFJORD VED NORE FUSA SKULE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert løyvd kr 66.000 frå konto 256.99.402 til fullføring av vegljøs langs fylkesvegen fram til Nore Fusa skule.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-029/12 VEDTAK:

Det vert løyvd kr 66.000 frå konto 256.99.402 til fullføring av vegljøs langs fylkesvegen fram til Nore Fusa skule.

030/12: UTBYGGING AV BOSSNETT I BERGEN - BIR AS

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Fusa kommune vedtek, saman med dei øvrige åtte aksjonærane i BIR AS, å stilla sjølvskuldnargaranti for lån inntil kr 250 millionar. BIR AS vil låna dette vidare til det heileigde dotterselskapet BossNett AS. Fusa sin eigardel av BIR AS er 1,33%. Ein pro rata garanti vil med dette utgjera inntil kr 3,32 millionar.
2. Eigarkommunane i BIR AS garanterer pro rata for lånet i samsvar med kvar kommune sin eigardel i BIR AS. Det vert vist til aksjonæravtalen punkt 10.
3. Ved vesentlege endringar i eller opphøyr av aksjonæravtalen mellom aksjonærane i BIR AS kan eigarkommunane krevja at lånet vert innfridd. Det same gjeld om det skjer vesentlege endringar i aksjonærsamansetjinga i dotterselskapet BossNett AS.
4. Dersom BIR AS søkjer å gjera selskapsrettslege endringar skal selskapet varsle garantistane seinast når kreditorvarsel vert kunngjort. Garantistane har tre månaders frist til å krevja lånet innfridd frå slikt varsel er gjeve.
5. Det er ein føresetnad at det vert gjort likelydande garantivedtak i alle eigarkommunane i BIR AS.
6. Det er ein føresetnad at lånet vert betalt ned over 40 år med like store årlege avdrag. Heile lånet skal vera innfridd seinast den 31.12.2051.
7. Det er ein føresetnad at kostnadane med lånet vert dekkja som ein del av renovasjonsgebyra, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og brukarbetaling for dei som er tilknytt nettet.
8. Det er ein føresetnad at fylkesmannen i Hordaland godkjenner vedtak om å stilla sjølvskuldnarkausjon for lånet.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Atle Kvåle, Ap, reiste spørsmål om han var ugild då han er med i representantskapet i BIR AS. Han ga uttrykk for at han føler seg inhabil, jf. kommunelova § 40 nr 3 , jf. forvaltningslova §6 1. ledd e) og 2. ledd. Han gjekk frå møtet. Anne-Grete Gjerdevik, Ap, tok plass i møtet. Atle Kvåle vart samrøystes kjend inhabil.

Mikal Leigland, Sp, fremja følgjande forslag:

Fusa kommune har ikkje nytta av Bosnett A/S og kan ikkje vera med på å garantera for lån stort kr. 250 mill. kroner.

Framlegget frå Mikal Leigland fekk 4 røyster (2 Frp, 1 Krf, 1 Sp Mikal Leigland)

Framlegget frå rådmannen vart tilrådd med 5 røyster (1 Ap, 1 H, 2 Sp, 1 SV)

FOR-030/12 VEDTAK:

1. Fusa kommune vedtek, saman med dei øvrige åtte aksjonærane i BIR AS, å stilla sjølvskuldnargaranti for lån inntil kr 250 millionar. BIR AS vil låna dette vidare til det heileigde dotterselskapet BossNett AS. Fusa sin eigardel av BIR AS er 1,33%. Ein pro rata garanti vil med dette utgjera inntil kr 3,32 millionar.
2. Eigarkommunane i BIR AS garanterer pro rata for lånet i samsvar med kvar kommune sin eigardel i BIR AS. Det vert vist til aksjonæravtalen punkt 10.
3. Ved vesentlege endringar i eller opphøyr av aksjonæravtalen mellom aksjonærane i BIR AS kan eigarkommunane krevja at lånet vert innfridd. Det same gjeld om det skjer vesentlege endringar i aksjonærsamansetjinga i dotterselskapet BossNett AS.
4. Dersom BIR AS søkjer å gjera selskapsrettslege endringar skal selskapet varsle garantistane seinast når kreditorvarsel vert kunngjort. Garantistane har tre månaders frist til å krevja lånet innfridd frå slikt varsel er gjeve.
5. Det er ein føresetnad at det vert gjort likelydande garantivedtak i alle eigarkommunane i BIR AS.
6. Det er ein føresetnad at lånet vert betalt ned over 40 år med like store årlege avdrag. Heile lånet skal vera innfridd seinast den 31.12.2051.
7. Det er ein føresetnad at kostnadane med lånet vert dekkja som ein del av renovasjonsgebyra, gjennom eit grunnpåslag til alle abonnentar i BIR-kommunane og brukarbetaling for dei som er tilknytt nettet.
8. Det er ein føresetnad at fylkesmannen i Hordaland godkjenner vedtak om å stilla sjølvskuldnarkausjon for lånet.

031/12: SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL 23/32.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 175 m2 som tilleggsareal til g.nr. 23 b.nr. 32.

Pris vert kr. 50,- pr. kvm. Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga, m.a. oppmåling og tinglysing.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag:

Fusa kommune sel ca. 175 m2 som tilleggsareal til g.nr. 23 b.nr. 32.

Pris vert kr. 200,- pr. kvm. Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga, m.a. oppmåling og tinglysing.

Framlegget frå Hans S. Vindenes vart samrøystes tilrådd

FOR-031/12 VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 175 m2 som tilleggsareal til g.nr. 23 b.nr. 32.

Pris vert kr. 200,- pr. kvm. Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga, m.a. oppmåling og tinglysing.

032/12: SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

FUSA KOMMUNE SEL CA. 200 M2 SOM TILLEGGSAREAL TIL G.NR. 20. B.NR. 19.

DETTE ER AREALET SOM LIGG VEST FOR 20/19 OG FRAM PÅ KANT MOT FRISIKTSONE OG EIN AVSTAND PÅ CA. 1,5 M FRÅ STALLABROTVEGEN.

KARTFORRETNING VIL DEFINERA EKSakte GRENSER.

PRIS VERT KR. 50,- PR.KVM. KJØPAR BER ALLE KOSTNADER I SAMBAND MED OVERDRAGINGA M.A. OPPMÅLING OG TINGLYSING.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om at dette er tilleggsareal til 20/11 og dette vert retta i framlegg til vedtak.

Kristine Hjartnes, Frp, hadde spørsmål om ho var ugild då bror hennar er part i saka, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf forvaltningslova § 6 1. ledd b). Ho gjekk frå møtet. Roger Hoel, Frp, var kalla inn som vararepresentant. Kristine Hjartnes vart samrøystes kjend ugild.

Varaordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Fusa kommune sel ca. 200 m2 som tilleggsareal til g.nr. 20. b.nr. 11.

Dette er arealet som ligg vest for 20/11 og fram på kant mot frisiktsone og ein avstand på ca. 1,5 m frå stallabrotvegen.

Kartforretning vil definera eksakte grenser.

Pris vert kr. 200,- pr.kvm. kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga m.a. oppmåling og tinglysing.

Framlegget frå Atle Kvåle vart samrøystes tilrådd.

FOR-032/12 VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 200 m² som tilleggsareal til g.nr. 20. b.nr. 11.

Dette er arealet som ligg vest for 20/11 og fram på kant mot frisiktsone og ein avstand på ca. 1,5 m frå stallabrotvegen.

Kartforretning vil definera eksakte grenser.

Pris vert kr. 200,- pr.kvm. kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga m.a. oppmåling og tinglysing.

033/12: SKRIV OG MELDINGER :

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teke til orientering

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-033/12 VEDTAK:

Saka vert teke til orientering.

034/12: RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 - 2016 - HØYRING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet vedtek at rusmiddelpolitisk handlingsplan, slik den ligg føre, vert lagt ut til høyring. Høyringsfrist 18.. mai 2012.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-034/12 VEDTAK:

Formannskapet vedtek at rusmiddelpolitisk handlingsplan, slik den ligg føre, vert lagt ut til høyring. Høyringsfrist 18. mai 2012.

035/12: PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-035/12 VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

036/12: FUSALAUGET 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alternativ 1

Fusa kommune er positiv til Fusa idrettsråd sitt utspel om å revitalisera Fusalauget for å hjelpa fram lokale idrettsutøvarar som siktar mot verdstoppen i sine idrettar.

Formannskapet vel..... som kommunen sin representant i eit nytt styre for lauket.

Ordføraren får fullmakt til å teikna ein sponsoravtale med Fusalauget med eit bidrag på inntil kr per år.

Alternativ 2

Fusa kommune er positiv til Fusa idrettsråd sitt utspel om å revitalisera Fusalauget og ønskjer å medverka til at dette vert etablert, men den dårlege kommuneøkonomien gjer at Fusa kommune ikkje kan medverka økonomisk i dette spleiselaget.

Formannskapet vel..... som kommunen sin representant i eit nytt styre for lauket.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Alternativ 1 i rådmannen sitt framlegg til vedtak var samrøystes tilrådd:

Fusa kommune er positiv til Fusa idrettsråd sitt utspel om å revitalisera Fusalauget for å hjelpa fram lokale idrettsutøvarar som siktar mot verdstoppen i sine idrettar.

Fusa kommune vel Stina Kvåle Bergesen som kommunen sin representant i eit nytt styre for lauket.

Ordføraren får fullmakt til å teikna ein sponsoravtale med Fusalauget med eit bidrag på inntil kr 30.000. per år. Midlane vert løynd frå ordføraren sin gåvekonto i 2012.

FOR-036/12 VEDTAK:

Fusa kommune er positiv til Fusa idrettsråd sitt utspel om å revitalisera Fusalauget for å hjelpe fram lokale idrettsutøvarar som siktar mot verdstoppen i sine idrettar.

Fusa kommune vel Stina Kvåle Bergesen som kommunen sin representant i eit nytt styre for lauget.

Ordføraren får fullmakt til å teikna ein sponsoravtale med Fusalauget med eit bidrag på inntil kr 30.000. per år. Midlane vert løyvd frå ordføraren sin gåvekonto i 2012

037/12: FUSA KOMMUNE SOM MEDSKIPAR AV KYSTSOGEVEKENE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune ønskjer å gå inn som medstiftar i Stiftinga Kystsogevekene frå 2012. Formannskapet vel som fast medlem og som varamedlem i representantskapen i stiftinga for inneverande valperiode. Det vert løyvd kr 10.000,- som innskot i stiftingskapitalen. Pengane går frå kt 1.1721.3854.4701

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke med følgjande representantar: Formannskapet vel ordførar som fast medlem og varaordførar som varamedlem i representantskapen i stiftinga for inneverande valperiode. Det vert løyvd kr 10.000,- som innskot i stiftingskapitalen. Pengane går frå kt 1.1721.3854.4701

FOR-037/12 VEDTAK:

Formannskapet vel ordførar som fast medlem og varaordførar som varamedlem i representantskapen i stiftinga for inneverande valperiode. Det vert løyvd kr 10.000,- som innskot i stiftingskapitalen. Pengane går frå kt 1.1721.3854.4701

038/12: DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-038/12 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

039/12: FRAMTIDIG ORGANISERING OG DRIFT AV LEGETENESTENE I FUSA - SUPPLERING AV ARBEIDSUTVAL

25.04.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Saka vart teke opp i møtet.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om saka.

Formannskapet vedtok samrøystes:

Som ei oppfølging av kommunestyre sak 69/10 framtidig organisering og drift av legetenestene og formannskapet sak 8/11

Formannskapet oppnemner elles eit arbeidsutval på 3: Ordførar, varaordførar og Magne Djuvik. Arbeidsutvalet skal gje nærare føringar for forhandlingar i sak om framtidig organisering og drift av legetenestene

FOR-039/12 VEDTAK:

Som ei oppfølging av kommunestyre sak 69/10 framtidig organisering og drift av legetenestene og formannskapet sak 8/11

Formannskapet oppnemner elles eit arbeidsutval på 3: Ordførar, varaordførar og Magne Djuvik. Arbeidsutvalet skal gje nærare føringar for forhandlingar i sak om framtidig organisering og drift av legetenestene.